

Stefanusdagen 2021

Samhald mot blodig religiøs fanatisme

Tekstrefleksjon: Johannes Morken

Først publisert i Nytt Norsk Kirkeblad, nr 5-2021

Jesus varsla disiplane sine i klartekst: Dei skulle møta religiøse fanatikarar som ville drepa – fanatikarane trudde at dei med det gjorde Gud ei teneste. Teksten er meir aktuell enn nokon gong.

Dette er tekstane til Stefanusdagen 2021 (26. desember):

I **Klagesongane 3,52–57** får vi høyra om håpet midt i smarta då Jerusalem blei jamna med jorda. Vi les det fortvilte ropet «det er ute med meg», men også håpet: «Du kom den dagen eg ropa, du sa: Ver ikkje redd!»

I **brevet til filipparane 1,27–30** ber Paulus kyrkjelyden om å stå «saman i éi ånd» og kjempa «med eitt sinn for trua på evangeliet». Dei må ikkje på nokon måte lata seg skremma av motstandarane, for dei skal gå fortapt.

I preiketeksten i **Johannes 16,1–4a** blir læresveinane varsla om at dei skal bli støytte ut av synagoga. Og endå verre skal det bli: «Ja, det kjem ei tid då kvar den som slår dykk i hel, trur han gjer Gud ei teneste.»

Formaning til samhald og venskap

Paulus skreiv brevet til filipparane medan han sjølv sat i fangenskap, truleg i Roma, men kanskje var det frå eit fangehol i Efesos han skreiv. Han søkte å avgjera ein strid mellom to sentrale leiarar i den første kyrkjelyden han grunnla i Europa.

Brevskrivaren var sjølv klar til å døy for Kristus då han sende brevet. Han oppmuntra til venskap og indre samhald mot ytre motstandarar. Paulus skreiv

at dei måtte vera klare til også lida for trua. Han ville gje eit teikn frå Gud, eit teikn «som varslar fortaping» for motstandarane, «men frelse for dykk.»

Det kan vera lett å tru at ein kristen minoritet i eit land der kristne aktivt vert diskriminerte og i periodar vert valdeleg forfølgde, klarar å stå samla «med eitt sinn for evangeliet» mot ytre motstand.

Men slik er livet ikkje. Kyrkjhistoria er full av splittingar. Det har gitt oss eit rikt mangfald av gudstilbeding, men også lange skuggar av menneskeleg strid.

Iraks kristne og IS

Eg grip meg i å tenkja korleis eit apostelbrev ville lydd til dagens kyrkjer i Irak. Kristendommen der har ei historie som går 2000 år tilbake, til apostlane Thomas og Taddeus som både leid martyrdøden.

Den kristne minoriteten i Irak har sanneleg hatt motstandarar som ville skremma dei. Seinast sommaren 2014 møtte dei fanatismen på sitt verste. IS-krigarane var og er overtydde om at dei tener sin guddom med å jaga og drepa dei «vantruande».

Drygt sju år etter at IS feia gjennom Mosul og hærtok kristne byar på Ninive-sletta, prøver dei nokså attverande kristne å byggja opp att liva sine. Irak kan i verste fall enda opp som eit museum over 2000 års kristen historie.

Pave Frans gav eit kraftfullt handslag då han, som den første paven nokon gong, drog til Irak i byrjinga av mars i år. Men pavens eiga kyrkje i landet – den kaldeiske katolske kyrkja – har ikkje teke oppatt samarbeidet med dei andre kyrkjene, eit samarbeid som dei braut for fleire år tilbake.

Eg skulle gjerne høyrt om paven på bakrommet, som Paulus, formana til samhald mot ytre motstand.

Ein sentral prest i ei av dei andre historiske kyrkjene seier at klimaet ikkje er sunt. «Kyrkjeleiarane utvekslar gratulasjonar til jul og påske, men snakkar ikkje om felles strategi og behovet for ei felles stemme. Den kaldeiske kyrkja opptrer dessutan dessverre meir som eit politisk parti enn ei samlande kraft», seier Emanuel Youkhana.

Pauli ord til filipparane – om å kjempa med eitt sinn for evangeliet – er eit ord til Iraks kristne kyrkjer – og avgjort også til oss. Både vi og irakiske kyrkjeleiarar har ein veg å gå.

Jesu åtvaring mot religiøs fanatisme

I dagens preiketekst varsla Jesus læresveinane om at dei ville bli forfølgde. Ikkje berre ville dei bli jaga ut av synagogene. Jesus førebudde disiplane på endå meir brutale møte med religiøse fanatikarar som ville slå Jesu næreste i hel fordi fanatikarane trudde at drap var å gjera Gud ei teneste.

Jesus visste kva som venta dei 12. Det blei mange martyrar. Etter det vi veit var det berre apostelen Johannes som fekk døy ein naturleg død.

I dag finn vi mange utgåver av blodig religiøs fanatisme, rørsler som trur dei tener sin eigen guddom med drap.

Klar til å døy

Opp i fjellsida over Ninivesletta i Irak, på klosteret Mar Mattai (St. Matteus), møtte eg i 2018 munken Yusuf. Då IS-krigarane frå sommaren 2014 herja på sletta nedanfor, stod Yusuf ved klostermuren.

Munken såg kampane der kurdiske styrkar fleire gonger stogga IS. Dei svartkledde IS-krigarane som kontrollerte områda som den irakiske hæren hadde flykta frå, ville erobra også dei områda som dei kurdiske styrkane kontrollerte.

Hadde IS vunne striden på vegen rett nedanfor klosteret, ville dei svartkledde teke Mar Mattai som har halde til i fjellsida heilt sidan 360-talet. Yusuf hadde nokre år tidlegare opplevd at broren vart drepen av terroristar under borgarkrigen mellom sunni- og sjia-miltsar.

Yusuf ville ikkje flykta, og eg skal ikkje setja meg til dommar over valet. Han var klar til å bli martyr i møte med dei som ville kasta kristne, jesidiar og andre religiøse minoritetar ut av fanatismens svarte kalifat.

Men IS nådde aldri opp til klosteret. Yusuf er i dag difor eit levande vitne, og klosteret blei teikn på håp for ein hardt pressa minoritet.

Fanatisme India og Pakistan

I Pakistan ville religiøse fanatikarar henga både den blasfemidømde kristne kvinnen Asia Bibi, og dei muslimske dommarane som i 2018 frikjende henne etter åtte år med dødsdom.

Fanatismen i Pakistan rammar også sjia-muslimar, ahmadia-muslimar og moderate muslimar som ope opponerer mot religiøs fanatisme. Ekstremistane har mange gonger lamma storbyar med protestane sine. Dei tek også gjerne dødsstraffa i eigne hender. Mange titals blasfemi-tiltalte er drepne anten i

rettssalen – som ahmadija-muslimen Tahir Ahmeed Naseem 29. juli i fjar, eller etter frifinnande dommar.

Dei «vantruande» blir forsøkt støyte ut av det nasjonale fellesskapet som dei religiøse ekstremistane definerer med si «reine tru». Der religion og nasjon går i eitt, er det farleg å vera religiøs minoritet. Utstøytinga er brutal.

I India vil dei ekstreme religiøse nasjonalistane reinsa landet for muslimar og kristne. Dei vil ha eit land for hinduar. Jesu varsel om at «Dei skal støyta dykk ut», er eit varsel om at fanatikarar til alle tider trur at dei gjer sin eigen guddom ei teneste ved å forfølgja dei «vantruande» eller «ureine». Talet på både valdsangerep og sosial utstøyting har vakse dei siste åra.

Kidnappa skule jenter i Nigeria

Den religiøse fanatismen er i ferd med å knusa Nigeria. Boko Harams og andre terrorørslar sine valdsbølgjer har teke livet av titusenvis og gjort store folkeskarar heimlause.

I april 2014 kom den då ukjende terrorørsla Boko Haram til byen Chibok. Seint måndagskvelden 14. april kom ei gruppe fanatikarar til internatskulen. Dei kidnappa 300 kristne skule jenter og førte dei til fangenskap i skogen.

Boko Harams mål er ein sharia-styrt stat. Gruppa er mot at jenter får utdanning, og dei går blodig etter «vantruande».

Chibok-jentene kunne blitt gløymde gislar. Men emneknaggen på twitter – #BringBackOurGirls – nådde langt.

Etter to og eit halvt år, i oktober 2016, vart 21 gislar brått sette fri. I mai året etter kom nye 82 jenter ut av fangenskapet.

Trua som styrke for unge jenter

To journalistar frå den kjende amerikanske avisa Wall Street Journal hadde følgt saka. Dei prøvde no å finna ut kva som hadde hendt jentene, kvifor dei vart sette fri og ikkje minst kvifor dei hadde overlevd.

Journalistane oppsøkte politiske, diplomatiske og militære aktørar i fleire verdsdelar. Men den sterkeste historia fann dei ikkje der. Då dei fekk intervjuar kring 20 av dei frigjevne jentene, vart dei to erfarte utanriks-reporterane konfronterte med ei heilt uventa historie. Det fortel dei i det amerikanske magasinet [Christianity Today](#).

Verdspressa hadde, skriv dei, berre sett religiøs identitet som ei kjelde til konflikt, vald og død i Nigeria. No fekk dei eit sterkt møte med trua som styrke.

Dei unge jentene heldt ut tre års fangenskap og eit knallhardt press for å konvertera til fanatisk islam. Gjentekne gonger blei jentene fortalte at foreldra deira var døde, at kyrkjene var brende og at heile samfunnet deira hadde heist det svart-kvite flagget til Boko Haram.

Men jentene gav ikkje opp. Dei heldt saman i det venskapet Paulus oppmuntra til. Med fare for tortur kviskra dei bøner saman om natta.

Dagbok mot frykt

Ei av jentene hadde under stor fare klart å gjøyma ein bibel i kleda sine. Jentene kunne difor memorera Jobs bok, skriv dei to journalistane i artikkelen i Christianity Today.

Sjefen for kidnapparane gav dei kladdebøker for å skriva ned koranvers. Ei av jentene tok i staden kladdeboka i bruk som dagbok. Ho starta med å skriva om lyden av skotsalver, paniske telefonsamtalar og bøn natta til 15. april 2014.

Ho ville halda oversyn over det som hende dei, for ein dag kunna fortelja historia. Jenta fekk fleire andre til å skriva dagbok. Der skreiv dei også utdrag av bibelske salmar, som Salme 22,2: « Min Gud, eg ropar om dagen, men du svarar ikkje, eg ropar om natta og finn ikkje ro».

Eg veit ikkje om dei las dagens tekst frå Klagesongane, men dei ville truleg kjent seg att: «Utan grunn har mine fiendar jaga meg som ein fugl. Dei dreiv meg ned i brønnen og kasta stein over meg. Vatnet stig over hovudet mitt, eg seier: Det er ute med meg.»

I tre år vart dei forsøkt pressa til å gifta seg med Boko Haram-krigarar og konvertera i byte for betre mat, reine klede eller såpe. Ikkje alle klarte å stå imot, men kven av oss kan med handa på hjarta seia at vi ville halde ut?

Etter to år var jentene kraftig underernærte. Nokre makta ikkje stå oppreist utan hjelp. Dei bytte på å fasta og eta. Slik vart svolten som Boko Haram påførte dei for å knekkja jentene, gjort om til styrke.

Jentene fekk vita at dei ville få hovudet kappa dersom dei prøvde å flykta. Men gradvis byrja Boko Harams makt over dei å minka. Jentene byrja å synga songar som nokre av dei kunne frå skulekoret. «Vi slutta å vera redde», fortalte ei av jentene til dei to garva Wall Street Journal-journalistane.

Det er som Paulus skriv i brevet til filipparane 1,28: «Dette er eit teikn frå Gud, eit teikn som varslar fortaping for dei, men frelse for dykk.»

Stod opp mot motstandarane

Fanatismens menn klarte ikkje å halda grepet om jentene. Desse mørke kreftene får klar beskjed i preiketeksten i dag: «Og alt det gjer dei fordi dei korkje kjenner Far min eller meg. Dette har eg sagt dykk slik at de, når deira tid kjem, skal hugsa at eg sa det til dykk.»

Diverre er over 100 av Chibok-jentene ikkje komne til rette.. Men dei jentene som er intervjua av journalistane i Wall Street Journal, har ei kraftfull lekse til fanatikarane og til oss som aldri vert stilte på slike val. Jentene stod saman, i trua og overlevde.

Chibok-jentene kunne vendt tilbake til Klagesongane: «Du kom den dagen eg ropa, du sa: Ver ikkje redd!»

Amen.

Kjelder

Alle historiene som det ikkje er opplyst om kjelde for, vil du finna meir om på nettsidene til Stefanusalliansen, www.stefanus.no.